



Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no

Telefon adm.:
Telefon SFO:



Vekeplan for 1. steg veke 47

		MÅNDAG 22/11	TYS DAG 23/11	ONSDAG 24/11	TORSDAG 25/11	FREDAG 26/11	
1	09.00	Samling	Kroppsøving	Samling	UTESKULE på Surdepla	Faddertid Me bakar	
	2	10.30		Lesing			Lesing
		Tema Meg i verda		Matematikk			
3	10.45 11.30	Musikk	Musikk	Musikk			
4	12.00 13.30	Norsk	Matematikk	Me avsluttar tema Meg i verda			Musikk
		Matematikk	Norsk				Leik og spel
6	13.45 14.30						
		LEKSE TIL TYS DAG: Ver med å pakk gymskogen din. Du treng gymsko, handkle, byteklede, såpe i gymskogen.		LEKSE TIL ONSDAG:		LEKSE TIL TORSDAG: Ver med å pakke tursekken din. Hugs mat og drikke, sitteunderlag, byteklede og ekstra vottar, sokkar og lue.	
						LEKSE TIL FREDAG: Ta gjerne med eit reint forkle om du har! Dei som har langt hår må ha håret i strikk denne dagen, sidan me skal bake. Lever lesemappa til læraren din!	
Vekelekse: I løpet av veka skal du lese teksten som ligg i Lesemappa høgt for ein vaksen. Det er lurt å lese fleire gonger i løpet av veka. Du må ha med deg Lesemappa på skulen på fredag. Då skal me bruke leseteksten på skulen, og du skal få nytt leseark. Lever lesemappa til læraren din på fredag!							
Norsk øveord: Vokal Konsonant			Matematikk øveord:		English: Hello! My name is This is my mother / father / brother / sister / grandmother / grandfather / cousin		

Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337



Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no

Telefon adm.:
Telefon SFO:



	Dette arbeider me med denne veka
Norsk	Bokstavrepetisjon, blyantgrep og bokstavhuset
Matematikk	Tal, mønster og sortering
Engelsk	Me and my family
Kroppsøving	Ballspel og lagspel
Tema	I veke 42 – 47 arbeider me med temaet Meg i verda . Faga samfunnsfag, musikk, engelsk, norsk, matematikk, kunst og handverk, krle og naturfag er del i temaet.

Meldingar

Kroppsøving

Kroppsøving er som vanleg i Saften. Hugs å ha med gymklede, gymsko og dusjsåpe og handduk. Elevane skal ikkje dusje håret, kun kroppen. Jentene treng hårstrikk til håret slik at håret slepp å bli blautt når dei dusjar. Me møtes utanfor skulen, og går saman ned til bussen klokka 09.00. **Fint om alle kan ha på seg gymklede når dei kjem til skulen denne dagen. Då rekk me endå meir kroppsøving i gymsalen.**



Uteskule til Surdepla

Denne veka skal me ha uteskule Surdepla. I sekken må du ha **niste, drikke, byteklede (ullsockar, vottar og ekstra gensar), sitjeunderlag og ein vedkubbe**. Ta med grillmat om du ynskjer det. Det er lurt med ull, lue/pannebånd og vottar då me er ute heile dagen og elevane fort blir kalde. Me går saman ned att til skulen og avsluttar der til vanleg tid klokka 13.30. **Det er fint om elevane har med byteklede i sekken når dei fer heimifrå om morgonen, slik at sekkane er heilt klare**. Då treng me ikkje å bruke mykje tid på skulen til å fylle på byteklede frå korgene til elevane.

Garderobe

Det er også fint om de foreldre tek ein sjekk av korgene og fyller på med byteklede som passar for den kalde årstida dersom det manglar. Me ser at mange treng ekstra sokkar, bukse, truse og gensarar no når det er vått og byrjar bli kaldt.

Baking med fadrane og Lucia - tog

På fredag skal me bake lussekattar saman med fadrane. Desse lussekattane skal me dele ut på Lucia-dagen. Fyrsteklasse skal gå Lucia – tog til dei andre klassane på skulen måndag 13.desember. Det er fint om elevane har med seg / på seg ein lys gensar eller bluse denne dagen. Me kjem tilbake med påminning om dette.

Jukeverkstad

Me skal ha juleverkstad i desember og elevane treng då eit lite syltetøyglass som me kan bruke til å lage lykter. Fint om alle kan ta med eit glas på skulen, slik at me kan sikre at alle har glass til denne dagen i god tid. Då får me også merka glasa deira med namn.

Julekonsert

Leikanger barneskule inviterer til julekonsert på Saften måndag 6.desember klokka 18.00 – 19.00. Set av tidspunktet! Meir info kjem!

Ynskjer dykk ei fin veke! 😊

Andrea og Mari

Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no

Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no

Tlf. jobb:
Mobil: 97137337